

Heidi Styve og Inge Eikanger

Hjelmåsen 37

5915 Hjelmås

08.12.14

Lindås kommune

v/Anne Lise Molvik

Oppfølging vedrørande skade på nabotomt

Under sprenging på vår tomt 202/154 vart det dessverre skade i grensa til vår nabotomt 202/85. Då skjeringa på det høgaste er ca 3 meter sikra vi det med gjerde med ein gong sprenginga var gjort slik at ingen kunne falle utfor. Vidare vart det også då pigga og reinska med gravemaskin og i tillegg reingjort/spyld og håndrenska slik at tryggleiken var ivaretatt også på nedsida av skjeringa.

Vår nabo på 202/85 ga oss tidleg i august kopi av deira forsikringsselskap sin rapport der Tryg konkluderte med at så lenge vi ordna skaden slik som planlagt, hadde eigar av 202/85 inga klagesak. Vår nabo unnskyldte samtidig munnleg til oss at dei hadde «laga ei slik sak av det».

Til informasjon er fleire av bilda vår nabo sendte inn i klagen til kommunen tatt rett etter sprenginga og før heile oppreinskingsarbeidet var gjort, slik at bilda vår nabo då sendte til kommunen viste dessverre ikkje situasjonen heilt riktig.

Vi har forsøkt å halde vår nabo informert heilt frå før vi starta grunnarbeid. Vi reknar med at vi har gitt dei oversikt over situasjonen fordi dei ikkje har etterspurt meir informasjon, men for ordens skull sender vi samtidig med dette brev til kommunen også eit brev til Gunn Husa og Dag Gjerdingen med oppsummering av siste informasjon (vedlagt).

Det har ikkje vore mogleg for oss å setje opp støttemur for å byggje opp att vår nabo sitt tapte areal endå. Dette fordi det vart ei forsikringssak som har hatt behandlingstid og vi måtte avvente. For kort tid sidan fekk vi svar frå forsikringsselskapet vårt og vi kunne fortsetje arbeidet med å finne utførande entrepenør til arbeidet med støttemur. Det er konkludert med at grunnarbeidet er utført på forsvarleg måte og ingen kan lastast for uhellet. Pr i dag er status i saka at arbeidet blir gjort så snart entrepenør har kapasitet. Kommunen vil motta søknad før dei set i gong arbeidet, då dette er eit søkeradspliktig tiltak.

Med helsing

Heidi Styve & Inge Eikanger